



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
45/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.04.2022
42/2022	Kommunestyret	PS	10.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/512

### TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022 - 2025

#### Vedlegg:

Trafikktryggleiksplan 2022 - 2025

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vedt vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 45/2022

##### FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

##### FPØ - Tiltråding/Vedtak:

##### Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

#### Kommunestyret - Sak 42/2022

##### KOM - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke

##### KOM - Tiltråding/Vedtak:

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

## **Saksopplysningar:**

### **Heimel:**

I sak 88/2014 vedtok kommunestyret i Vaksdal følgjande:

*Vaksdal kommune inngår intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å bli trafikksikker kommune.*

*Vaksdal kommune søker Hordaland fylkeskommune om sertifiseringsmidlar som trafikksikker kommune.*

*Rådmannen vert beden om å leggje fram sak om revidering av kommunen sin trafikksikringsplan. Revisjonen omfattar både haldningsskapande og fysiske tiltak.*

I sak 104/2021 vedtok kommunestyret i Vaksdal følgjande:

*Kommunal planstrategi 2020 -2023, jamfør Plan- og bygningslova §10-1, vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endringar:*

*Kommunestyret ber om at en starter rullering av kulturminneplanen i 2021.*

*I kulturminneplan må det kartlegges Dale og Vaksdal sine industrielle og tekniske installasjoner samt parker og anlegg. Ved start av rulleringen blir Dale prioritert i kartleggingen.*

### **Bakgrunn for saka**

Trafikktryggleik handlar om å kunne bevega seg trygt i lokalmiljøet sitt, anten ein er fotgjengar, syklist eller bilst - born, ungdom eller voksen.

Vaksdal kommune har vore belasta med mange og alvorlege ulykker spesielt knytt til E16 og Rv564. På E16 er det mykje gjennomgangstrafikk. Standarden er låg i høve til trafikkmengda. Heilt sidan «stamvegen til Voss» opna i 1991 har alvorlege og fatale ulykker ramma lokalbefolkningen i Vaksdal hardt. Saman med Rv 569 retning Stamnes utgjer den i hovudsak lokalvegnettet i kommunen. Ulykkene rammar både i gjennomgangstrafikken og lokalt.

Det er spesielt mange lokale ungdomar som har vore involvert. Ulykkene har ulik karakter, men fleire alvorlege ulykker kan knytast til rus, fart og bruk av sikringsutstyr. Vaksdal kommune har ingen å miste, og ynskjer å prioritere haldninsskapande trafikktryggleiksarbeid.

I januar 2015 signerte Vaksdal kommune ein intensjonsavtale med Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune om å verta ein Trafikksikker kommune i løpet av året 2015.

Å verta godkjent som trafikksikker kommune betyr ikkje at det ikkje skjer trafikkulukker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og heilsakapleg arbeid med trafikktryggleik. Godkenningsordninga som kvalitetssikra kommunen sitt trafikktryggleikssarbeid er eit sett av kriterier for kommunen og dei ulike einingane. Kriteria er utarbeida med utgangspunkt i dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

20. januar 2016 vart Vaksdal kommune godkjent som den første trafikksikre kommunen i Hordaland og 10. desember 2019 vart kommunen regodkjent som Trafikksikker kommune.

Tiltaka i Trafikktryggleiksplanen 2022 - 2025 er i hovudsak utleia av «Trafikksikker kommune»-konseptet, med dei føringane og satsingsområda som ligg inne her.

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vil danna grunnlaget for videreføring av trafikktryggleiksarbeidet i Vaksdal kommune. Planen avløyser tidlegare Trafikktryggleiksplan 2016 - 2019, og hovudgrepene for den reviderte planen er den sektorovergipande tilnærminga. Planen er tydeleg på fellesansvaret mellom områda oppvekst og kultur, helse og meistring og digitalisering, innovasjon og samfunn for å

nå det overordna målet om null drepne og null hardt skadde i framtida.

Fysiske tiltak for trafikksikring vert fremja i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggje trafikkulykker. Som vegeigar, barnehage - og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for bebuarane si helse og trivsel har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Trafikktryggleiksarbeid for alle trafikkantgrupper er viktige folkehelsetiltak. Trafikktryggleiksplanen har fokus på folkehelseperspektivet som er eit satsingsområde for kommunen. Godt trafikktryggleiksarbeid gjev kommunen bra omdømme, færre skader og fornøgde innbyggjarar.

For å lukkast med utarbeiding og eigarskap til trafikktryggleiksplanen har alle kommunen sine einingar vore involvert i arbeidet og den enkelte einingsleiar har teke delansvar. Arbeidet er forankra i den politiske og administrative leiinga.